

Referat frå Litteraturhuset i Trondheim 24.04.2017.

«Hva mener stortingskandidatene», Møte med Tormod Overland FRP.

Utspørjar: Torgeir Havik. Ordstyrar: Elisabeth Finne. Referent: Ola Dimmen.

Siste mann ut i utspørjinga av stortingskandidatar for Sør-Trøndelag var Tormod Overland frå Frp. Han er fylkesleiar og tredjekandidat for Frp til stortingsvalget.

Overland var personleg oppteken av klima og klimaendringar. Han kildesorterer, syklar heile året og vil gjerne la bilen stå. Han har opplevd fattigdom, forsøpling og klimaproblematikk gjennom sitt engasjement for forsvaret i Sudan og Afghanistan, og solenergi bør absolutt vere eit alternativ til dieselaggregata som står for hovuddelen av straumproduksjonen i desse landa.

Overland var også oppteken av marin forsøpling av plast og vil gå inn for betre merking av mikroplast i produkt slik at forbrukarane kan ta bevisste valg. Generelt meiner Frp at det er marknaden og forbrukarane som kan påverke forbruksmønster og miljøarbeidet og vil gå inn for å gi informasjon som kan gi folk valgmuligheter.

Frp stiller seg bak regjeringa sin klimapolitikk der hovudprinsippet er at forurensar skal betale. Dette kan gjerne skje med avgifter, men Overland var lite kjend med forslaget om karbonavgift til fordeling (KAF).

Overland viste også til at FRP bevilger 12 milliardar utover klimaforliket til fornybar energi og til forskning og utvikling.

Han meinte generelt at vi må legge til rette for ein klimapolitikk som folk aksepterer, og såg ikkje for seg at vi kan forby sydenreiser eller redusere folk sin levestandar. Han meinte generelt at klimapolitikken lett kan bli symbolpolitikk der oportunistiske krefter brukar naturkatastrofer som argument for sitt syn på klimaendringar. Frp har meir tru på teknologisk utvikling og avgifter som folk forstår.

Han viste til el-syklar og skapte latter i forsamlinga når han viste til at dette heller ikkje er bra nok for miljørørsbla fordi Frp vil tillate el-syklar utmark.

Torgeir Havik refererte til tidlegare samtalar med Tord Lien, og meinte at no har det foregått ein del nytenking i Frp. Torgeir spurte om haldningane til menneskeskapte klimaendringar i Frp der Overland meinte av Carl I. Hagen og tilhengarane ikkje vil få særleg gjennomslag på landsmøtet til Frp. Sjølv meiner han at klimaendringane muligens er menneskeskapte, men at det også er eit resultat av naturleg variasjon.

Torgeir spurte også om Frp ville gå inn for endringar i forslag til ny klimalov, då dette er svært tannlaust. Frp har ikkje planar om å kome med endringar her.

Torgeir viste til at mange investeringsfond no divesterer og selger seg ut av fossile investeringar, men Frp vil heller ikkje foreslå at oljefondet skal trekke seg ut av alle fossile investeringar. Overland meinte dette var rel. uaktuelt så lenge Noreg er eit oljeproduserande land, men kan likevel tenke seg at Frp vurderer investeringsporteføljen i SPU.

På spørsmål om kva risikovurderinga Frp bygger på når dei stemmer for oljeboring i Arktis hadde ikkje Overland noko svar, men lovde å ta med spørsmålet vidare i den politiske prosessen.

Det blei ein fin debatt på møtet med mange spørsmål frå dei frammøtte omkring tema som miljøpakken i Trondheim, transport og forbruksmønster mm.

Frp skal vedta nytt program og Overland tipsa miljørørsbla om å vere tidlegare ute med innspel og dialog. No er er programarbeidet ferdig og dei som vil påverke må vere ute minst eit år i førevegen.